

RUNDE

SITUASJON OG UTVIKLING FOR FUGLEFJELLET 1956-2008

Oppsummeringsnotat

Runde er kjent som fuglefjellsøy så langt attende som det finst skrivne og muntlege kjelder. Midt på 1700-talet vart artsutval og bestandar i fuglefjellet skildra av prestane Stevelin Reutz og Hans Strøm. Med unnatak av krykkje og dei artane som har kome til på 1900-talet, er det heva over tvil at Runde var eit imponerande fuglefjell også den gongen. Tradisjonen med å hauste egg og for enkelte artar også ungar eller vaksne, var like utvikla på Runde som på andre fuglefjellsøyar og vart halden ved like til 1956, då innbyggjarane på øya bad styresmaktene om å frede fuglefjellet "for at våre etterkomrar skal få oppleve eit fuglefjell som har utvikla seg utan inngrep frå mennesket". Fuglefjellet vart freda i 1957. Frå 1979 vart vernereglane justerte til slik dei er i dag.

Fuglefjellet har vore besøkt av ornitologar og naturinteresserte langt attende, men kjennskap til øya og fuglelivet har og vore bygt på kontakt med lokale folk. Såleis var det folk frå Runde som dokumenterte hekkande havhest. Målretta undersøking av fuglelivet starta sist på 1940-talet, bl.a. i samband med at havsula slo seg ned som hekkefugl, men det er først og fremst systematisk ringmerking starta av Per Steinar Myklebust i 1956 og seinare vidareført gjennom Norsk Ornitologisk Foreining, som har gitt grunnlag for kunnskap om artsutval, storleik, endringar og vandringar hos fuglebestandane i fuglefjellet på Runde.

I 1972 starta lokalavdelinga av Norsk Ornitologisk Foreining overvaking av bestandane av sentrale fugleartar for å finne årsaka til at det var konstatert omfattande hekkesvikt hos ei rekke sjøfuglartar. Dette synte seg snart å kunne ha samanheng med samanbrot i den nordatlantiske sildebæstanden. Frå og med 1979 vart overvakingsprogrammet inkludert i Det nasjonale sjøfuglovervakingsprogrammet, etablert og gjennomført i samsvar med internasjonale overvakingsmetodikkar og under ansvar av sentrale styresmakter. Med unnatak av 1985 og 86 har Runde vore eitt av hovudområda for dette overvakingsprogrammet, som framleis er operativt. Programmet fokuserer først og fremst på bestandar og bestandstrendar, delvis også ungeproduksjon. Frå og med 2007 vart Runde inkludert i overvakingsprogrammet SEAPOP, som går djupare inn i årsakssamanhengar for hekkesituasjon og bestandsendringar. Norsk institutt for naturforskning (NINA) har fagleg og organisatorisk ansvar for det nasjonale sjøfuglovervakingsprogrammet, som er finansiert av miljøvernstyresmaktene. SEAPOP er eit samarbeid mellom NINA, Polarinstittutet og Havforskningsinstituttet og finansiert i samarbeid mellom Staten og oljenæreringa. Lokalt har arbeidet på Runde alltid vore organisert som eit oppdragsprosjekt gjennom Norsk Ornitologisk Foreining.

Som det går fram av dette, er det gjennom åra samla betydeleg kunnskap om fugleartar og – bestandar som hekkar i fuglefjellet på Runde. Dette gjeld bestandssituasjon/bestandsendringar,

hekkesituasjon og ungeproduksjon, næringsval, saman med næringsvandringar i hekketid og årstidsvandringar og korleis ulike aldersgrupper av fuglane vandrar.

Endringar i artssamansetjing:

Ut frå ulike kjelder, merkar vi oss følgjande endringar i artsutval av sjøfuglar på Runde:

Art	Endring	Kjelde
Krykkje	Etablert etter 1760	Hans Strøm 1762
Havhest	Etablert truleg ca. 1900	Jakob S. Runde
Storskarv	Vart borte ca. 1920	Jakob S. Runde
Havsule	Etablert 1946	Peter Valeur
Sildemåse	Vart borte ca. 1985	NOF overvakning
Storjo	Etablert 1980	NOF overvakning
Makrellterne	Vart borte ca. 1995	NOF overvakning
Raudnebbterne	Vart borte ca. 1995	NOF overvakning
Hubro	Vart borte ca. 1990	NOF overvakning

Fire nye artar har kome til i løpet av dei siste 250 åra, tre av desse dei siste 100 åra. Fem artar er blitt borte, alle i løpet av dei siste 100 åra, og fire av dei har forsvunne dei siste 20 åra. Dei fem siste er artar som har vore vanlege og karakteristiske fugleartar på kysten.

Endringar i bestandar av dei einskilde artane:

I perioden 1956-1970 er kunnskapen om bestandar for dei fleste artane basert på ringmerking og ei kvantitativ vurdering av bestandsstorleik i ulike delområde bygt på ringmerkingstal. Frå 1970 til 2008 er det for dei fleste artane gjennomført oppteljingar, anten av totalbestand eller i delområde. For utvalde overvakingsartar bygger tala for bestandsutvikling på kontrollfelt og innarbeidd metodikk for bestandsovervakning.

Art	Max par 1956-2008/ 2008	Endring	Metodikk	Hovudårsak
Havhest	5000 /???	÷ ÷ ÷	Delfelttelling	Hekkesvikt/næringssvikt
Havsule	2500 /2500	++	Totaltelling	Generell trend
Toppskarv	5000/1500	÷ ÷ ÷ / +	Totaltelling	Hekkesvikt/næringssvikt
Storskarv	???/0	Borte ca. 1920		Uklart
Krykkje	120000/<40000	÷ ÷ ÷	Kontrollfelt	Hekkesvikt/næringssvikt
Alke	3500/(<2000)?	÷ ÷	Delfelttelling	Hekkesvikt/næringssvikt
Lomvi	10000/(<5000)*	÷ ÷	Kontrollfelt	Hekkesvikt/næringssvikt
Teist	300/<50	÷ ÷ ÷	Delfelttelling	Uklart
Lunde	100000/100000	+ / ÷	Kontrollfelt	Normal hekking??
Storjo	Ca.60/ca.60	++	Totaltelling	Jamfør havsule
Tjuvjo	4/(1-2)	÷ ÷	Totaltelling	Jamfør ternene
Fiskemåse	>2-300/<50	÷ ÷	Totaltelling	Hekkesvikt/næringssvikt
Gråmåse	>500/<200	÷ ÷	Totaltelling	Hekkesvikt/næringssvikt
Sildemåse	20-30/0	Borte ca. 1985	Totaltelling	Hekkesvikt/næringssvikt
Svartbak	>200/<100	÷	Totaltelling	Hekkesvikt/næringssvikt
Makrellterne	>100/0	Borte ca. 1995	Totaltelling	Hekkesvikt/næringssvikt
Raudnebbterne	>500/0	Borte ca. 1995	Totaltelling	Hekkesvikt/næringssvikt
Hubro**	5/0	Borte ca. 1990	Totaltelling	Kraftlinjer/ næringssvikt

*Ansydning om dagens bestand av lomvi er byggt på teljing av fugl på sjøen

**Tilbakegangen av hubro har truleg fleire årsaker. Generelt kraftig bestandsnedgang lang kysten har truleg dels samanheng med kraftlinjeutbygging, dels i hekkesvikt i sjøfuglkoloniar. På Runde må oljespyttforsvar hos havhest reknast som ein supplerande tapsfaktor.

I tillegg må og vurderast tre andre fuglefjellsfuglar som er vanskelegare å få tala på, men som er rekna som hekkande/sannsynleg hekkande på Runde. Det er havsvale, stormsvale

og polarlomvi. Dei to førstnemnde er nattaktive og er regelmessig fanga og ringmerkte på Runde. Havsvale er nokså talrik, medan stormsvale er fåtalig. Ingen av dei er dokumentert hekkande på øya, men begge er påvist hekkande på nabøyar. Aktiviteten på/rundt Runde gjer det sannsynleg at dei også hekker her. Polarlomvi er gjennom åra regelmessig notert sitjande på hekkeplassar i fjellet og med antatt hekkeadferd, men berre som einskildindivid og på utilgjengelege plassar. Ut over dette vert ærfugl overvaka i dag, men har ikkje vore overvaka så lenge at det er grunnlag for vurdering av bestandstrendar.

Som det går fram av tabellen, har dei aller fleste artane vore i tilbakegang. For dei fleste starta den negative trenden rundt eller like etter 1970, med kollapsliknande nedgang hos toppskarv i siste halvdel av 1970-talet, og ein kraftig nedgang også for krykkje, medan nedgangen for måsar og terner også starta då, men med ein jamnare nedgang. Havhest og alkefugl greidde seg bra til midt på 1990-talet, med unnatak av akutt næringssvikt i Barentshavet 1985-86 som medførte massedød av lomvi. Dette kunne sporast som eit mellombels fall i trenden hos lomvi på Runde. Hos havhest starta ein total hekkesvikt i siste halvdel av 1990-talet og har halde fram til 2008. Hos lomvi og krykkje, muligens også hos alke, kom ein liknande svikt mellom 2000 og 2005 og med kraftigast utslag 2008. Hos toppskarv har situasjonen betra seg litt etter 2000, og bestanden er no i svak vekst.

Dette har medført at sju sjøfuglartar og ein sjøfuglavhengig art (hubro) kan klassifiserast å vere i ein kritisk bestandssituasjon på Runde. Det gjeld fuglefjellsartane havhest, krykkje, alke og lomvi, saman med kystfuglartane tjuvjo, makrellterne og raudnebbterne. To sistnemnde hekker ikkje lenger i området, medan tjuvjoen framleis heng att med eit par eller to. Hubroen, som elles er generalist, har tradisjonelt vore knytt til fuglefjell og sjøfuglkoloniar på denne del av kysten og har vore avhengig av tilgang på bytte i form av sjøfuglungar under hekketida. Teisten har gått kraftig tilbake og har hatt svært dårlig ungeproduksjon dei siste åra, og det er eit definisjonsspørsmål kor vidt også denne arten er i ein tilsvarande bestandssitusjon.

Toppskarv har vore langt nede, men ser ut til å vere på veg opp att. Måseartane har og hatt problem dei seinare åra, men noko vekslande frå år til år. Når sildemåsen ikkje er vurdert å vere i ein kritisk bestandssituasjon, er det fordi det i alle fall enkelte år har vore produsert ungar i koloniar i øyområda nær Runde. Storskarv manglar framleis som hekkefugl på Sunnmøre, men bestandstrenden elles langs kysten er positiv, både for den nordlege bestanden (*Phalacrocorax c. carbo*) og den sørlege mellomskarven (*Ph. c. sinensis*).

Av dei talrike fuglefjellsfuglane på Runde er det berre lunde som til no har halde bestanden på eit nokolunde stabilt nivå og gjennomgåande hatt bra ungeproduksjon. Såleis vart 2007 vurdert som eit godt hekkeår for arten, medan det i 2008 i praksis var totalsvikt.

Dei einaste to artane som har hatt eintydig positiv bestandsutvikling av fuglane i/på fuglefjellet på Runde er havsule og storjo. For begge artane er dette i samsvar med den generelle trenden i Nord-Atlanteren, og for storjo er samanhengen så enkel at arten har si viktigaste næringskjelde som kleptoparasitt på havsule.

Bestandsituasjon – forvaltingssituasjon

Som det går fram av tabell i føregående avsnitt, er det generelle bildet for både fuglefjellsfugl og sjøfugl svært dystert. Det er ein situasjon som har utvikla seg gjennom dei siste 35 åra, og det er generell semje om at hovudstyringa av dette er næringssvikt i nøkkelperioder før/under hekketida, men med visse variasjonar som kan tilbakeførast også til andre faktorar, av dei fleire direkte eller indirekte relatert til menneskeleg aktivitet, som miljøgifter og oljesøl. Det er likevel lite rom for tvil om at den negative situasjonen har skjerpa seg dei siste åra, og for fuglefjellet på Runde er det spesielt dei siste 5-10 åra at fleire av artane har kome inn i ein kritisk bestandssituasjon, noko varierande frå art til art. Dette har særleg samanheng med så godt som total reproduksjonssvikt over ei rekke år, lengst for havhest med om lag 10 år, medan fleire andre artar har hatt hekkesvikt 4-6 år. Når bestandane i starten av hekkesesongen kan synest å vere relativt bra, er det fordi rekrutteringsalderen hos desse artane normalt er frå om lag 4-6 år, unntaksvis 3 år for enkelte (krykkje), ikkje sjeldan høgare, og for havhest så høgt som 8-9 år. Det betyr at registrert hekkesvikt enno knapt har hatt særleg effekt på rekrutteringa til hekkebestanden. Når lomvibestanden i front av fuglefjellet i starten av hekkesesongen 2008 vart estimert til minst 10.000 individ, bygt på opptelling av delar av flokkane, må det såleis sjåast i samanheng med nettopp dette. Det betyr og at det først og fremst er dei komande 5-10 åra vi kan vente at den registrerte hekkesvikten føregående år vil slå ut i bestandane, og sjølv om situasjonen skulle endre seg radikalt til normal eller god hekking dei komande åra, vil dette ikkje kunne å få utslag i hekkebestanden før etter mint 4-5 år (endå lengre for havhest). Det som framleis held bestandane av dei aktuelle artane oppe, er såleis det ekstremt lave tapet av vaksenfugl som karakteriserer alle sjøfuglartar (årleg mortalitet på 3-5% for enkelte). Samstundes blokkerer ekstremt lavt reproduksjonspotensiale hos dei same artane for at bestandane kan bygge seg raskt opp att sjølv om hekkesituasjonen skulle bli god. Fleire av artane legg berre 1 egg, nokre har 2 egg, medan måsefuglar og toppskary legg 3 egg.

Det er få forvaltingstiltak som kan forventast å få rask effekt, så lenge næringssvikt synest å vere hovudårsak til hekkesvikten. Dersom deler av dette har naturgjevne årsaker, eventuelt i kombinasjon med menneskeskapte årsaker som klimaendringar, miljøgifter eller eutrofierung, vil tiltak i beste fall kunne ha effekt først etter lang tid. Om næringssvikt kan førast tilbake til overfiske av nøkkelartar, vil fiskerireguleringar kunne ha raskare effekt.

Normalt har sjøfuglane svært lav mortalitet utafor hekketid. Det er dette som gjer artane i stand til å bufre perioder med hekkesvikt. Om bestandane blir utsette for auka tap av vaksenfugl, vil bestandsstuasjonen derfor raskt kunne bli akutt kritisk for ei rekke av dei fuglefjellsartane på Runde som i dag er i aukande rekrutteringssvikt etter av fleire års hekkesvikt. Dette kan vere velkjende, menneskeskapte dødsårsaker som oljesøl, drukning i fiskegarn, eventuelt jakt for dei artane som framleis er jaktbare, men det gjeld og eventuelle nye. Mest aktuelt i dagens situasjon er lokalisering av vindkraftverk i viktige beiteområde, spesielt innafor det som er normal rekkevidde for næringssøk i hekketid og det som gjennom åra er kartlagt som dei viktigaste beiteområda for fugl frå Runde. Nokre av artane har betydeleg rekkevidde for næringssøk i hekketida. Havhest kan gå fleire hundre kilometer ut


frå kolonien sjølv i hekketida, og hos ein så liten fugl som havsvale, er det dokumentert ved ringmerking og kontroll at hekkefugl frå Shetland kan hente mat til ungen på norskekysten (kontroll Runde-Shetland av matande fugl frå ei natt til neste), ei strekning på mellom 250-300 km. For andre aktuelle artar er det konkludert med følgjande rekkevidde:

- Havsule >200 km
- Krykkje >100 km
- Alcefugl >100 km (inntil 200 km hos lunde)

I praksis er heile kyststrekninga frå og med Stadthavet og Svinøyhavet i sør til og med Hustadvika i nord innafor normal rekkevidde for næringssökande fugl frå fuglefjellet på Runde. Gjennom dei åra Norsk Ornitologisk Foreining har drive hekketidsregisteringar av sjøfugl langs mørekysten, har næringssøkssektoren mot nordaust vore svært viktig og tidvis dominerande. Dette gjeld særleg havsule, krykkje og alcefugl, og med kystfrontområda på utsida av øyane frå Giske i sør til Aukra i nord som klassiske næringssøksområde både i oppmatingsperioden for ungar på reir, og som samlingsområde for fugl med ungar etter at dei har forlate reiret (særleg krykkje og lomvi). Dei siste åra vart dette særleg godt demonstrert i juni månad 2006 med store konsentrasjonar av alke, lomvi og lunde frå Ullasøyla gjennom Nogvafjorden til områda mellom Midsund og Gossen, og rundt Ona og vidare inn Saltsteinsleia til Bjørnsund. Tilsvarande vart notert i 2007, medan sesongen 2008, etter totalsamanbrot i hekkinga, førte til at alcefuglane først og fremst søkte til fjordkjeftane og dels langt inn i fjordane både på Sunnmøre, i Romsdal og på Nordmøre som følgje av stort innsig av sildeengel/småsild. Interessant nok er å merke seg at under grågåstelling frå fly på mørekysten, vart det den 1. juli 2008 (NINA) notert påfallande stor aktivitet og mange havsuler på og nær Hustadvika. Sulekolonien på Runde er den einaste innafor rimeleg rekkevidde i dette området ved dette tidspunktet.

Dette betyr og at fuglebestandane i fuglefjellet på Runde vil vere sårbar for alle faktorar som medfører auka tap av vaksenfugl, spesielt i hekketida, i kystavsnittet frå og med Stadthavet i sør til og med Hustadvika i nord og ut til Eggakanten mot ope hav. Vi må rekne med at i dagens bestandssituasjon vil fleire av artane vere kritisk sårbar for nye dødsårsaker i dette området, og det skal lite til før enkelte av artane kan gå tapt innafor ein kort tidshorisont dersom nye, menneskeskapte dødsårsaker aukar mortaliteten hos vaksenfugl.

Eiksund, den 6. oktober 2008



Alv Ottar Folkestad

Leiar NOF